



Saksframlegg

Søknad om serveringsløyve - Åsberg Gard AS

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg

Dokument i saka:

Søknad med vedlegg frå Anette Forsdal for Åsberg gard AS orgnr. 995722933, Libakkane 155, datert 14.10.2025

Lov om serveringsvirksomhet (serveringslova) [Forskrift om opnings- og stengetider for serveringsstader, Fyresdal kommune](#)

Ferdigattest Åsbergloftet

Tegning Åsbergloftet

Uttale NAV Åsbergloftet

Uttale hjå politiet

Vedlegg

- 1 Ferdigattest G.nr 34 B.nr 5 Åsberg
- 2 Åsberg tegning
- 3 Uttale NAV Åsbergloftet 2023

Bakgrunn for saka:

Anette Forsdal har serveringsløyve for Åsbergstoga og uteområde, og ynskjer nå å utvide tilbudet til også å gjelde Åsbergloftet. Ho må få godkjent serveringsløyve frå Hovedutvalet for oppvekst, kultur og omsorg (OKO) for å kunne ha selskap med mat og drikke, på bestilling og ved anledninger for open kafe.

Utdrag frå serveringslova Kapittel 2. Tillatelse til å etablere serveringssted § 3.

«Den som vil gjøre seg næring av å drive serveringssted må ha serveringsbevilling gitt av kommunen.»

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2023 – 2026; Handlekraft og kreativitet skal prege næringsarbeidet i Fyresdal slik at nåverande og nye bedrifter får lyst og mot til å satse.

Forsdal bygger opp gjestegard på Åsberg for å kunne tilby selskap med matservering heile året. Dette vil vere selskap på bestilling og open for gjester utan bestilling frå tid til

anna. Konseptet er god mat, ro og trivsel. Det vil bli høve for servering inne i Åsbergloftet med 42 sitteplassar på 59 m2.

Serveringsløyve kan bli gjeve når følgjande krav er oppfylte:

- Serveringsstaden må ha ein dagleg leiar med det reelle ansvaret for den daglege drifta av serveringsstaden. Dagleg leiar må vere myndig.
- Krav om etablerarprøva, der dagleg leiar må ha gjennomført og greidd prøva.
- Krav tilandel: Løyvehavar, dagleg leiar og personar som har stor påverknad på verksemda må ha utvist uklanderlegandel med omsyn til straffelovgjevinga, skatte- og avgiftslovgjevinga, rekneskapslovgjevinga, lov om forbod mot diskriminering, m.m.
- Ved vurdering av løyvehavar og andre personarsandel skal det ikkje takast omsyn til høve som er eldre enn fem år.
- Skatteattest for den som er økonomisk ansvarleg for drifta.

Anette Forsdal f. 31.05.66 skal vere dagleg leiar og ansvarleg for serveringsløyve. Forsdal har godkjent etablerarprøve. Bedrifta er registrert hjå Mattilsynet.

Politiet har fått skjenke- og serveringsbevilling for Forsdal til uttale tidligere, dei har ikkje merknad. Uttale hjå politiet gjeld i 3 år frå den er gitt, sjå alkohollova § 1-7. Skatteattest er levert utan merknad denne er også framleis gjeldande.

Opningstidene for serveringsstader i Fyresdal er regulera i forskrift; Forskrift om opnings- og stengetider for serveringsstader, Fyresdal kommune, Telemark Fastsett av Fyresdal kommunestyre 29. mars 2012 med heimel i lov 13. juni 1997 nr. 55 om serveringsvirksomhet (serveringsloven) § 15.

Med heimel i serveringslova § 15 som opnar for at kommunen i forskrift kan fastsette opningstider for dei serveringsstadene som ligg i kommunen vedtek Fyresdal kommune følgjande stengevedtekter for serveringsstader slik at dei samsvarar med opningstidene for skjenking av alkohol men med utvida opningstid på 3 timar. Opningstidene blir då som fylgjer: Serveringsstader innan Fyresdal kommune skal vera stengde måndag tom søndag frå kl. 02.00 til kl. 07.00. Opningstidene gjeld også påske, pinse og nyttårseftadagar og for servering inne i lokale og uteservering. Opningstidene gjeld ikkje servering ved overnattingsstader til overnattingsgjester.

Konklusjon:

Forsdal bygger opp sin eigen arbeidsplass og ynsker ein gjestegard med god mat, ro og trivsel. Fyresdal har bruk for eit konsept som dette med høve for å bestille selskap i diverse anledningar og en open kafe. Alt ligg til rette for at serveringsløyve kan innvilgast også for Åsbergloftet. Konseptet er eit bra initiativ og eit behov i bygda, det passar godt inn i høve til måla til Fyresdal kommune.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Anette Forsdal f. 31.05.66 får innvilga serveringsløyve for Åsberg gard AS orgnr. 995722933, med servering inne i Åsbergloftet. Serveringsstad: Libakkane 155, 3870 Fyresdal. Dagleg leiar: Anette Forsdal f. 31.05.66. Serveringa må vere stengt måndag-søndag frå kl. 02.00 til kl. 07.00.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Cecilie Korneliussen
	jurist/saksbehandlar